

Forgapt

i fjella ved Fonna

I barndommen såg han Folgefonna som ein perfekt, kvit boge mot himmelen. Eit syn som i dag gjer klimaforskar Helge Drange vemodig.

HELGE DRANGE beundra lenge Folgefonna på avstand. Han gløtta mot henne kvar dag på veg til ungdomsskulen og vidaregåande i Os ved Bergen. Avstandsforelskinga vart likevel ikkje til noko meir før han var i 20-åra.

Vendepunktet kom under NM i friidrett på Byrkjelo i 1988. Helge Drange er 23 år, han held på med hovudfag i matematikk, og har gjennom fleire år brukt nær all fritid på å bli rask på 800-meter og 1500-meter. Hans personlege rekord på 1500-meteren er 3.44, som plasserer han blant landets beste mellomdistanseløparar.

Frå tid til anna løfter han blikket mot den glitrande iskappa mot himmelen i det fjerne, men tida er ikkje inne. Han trener morgon som kveld.

I BYRKJELO skjer det: For første gong kjem han ikkje til finalen på 1500-meter. Helge Drange tar ei viktig avgjerd: Han gir seg med friidrett.

Helga etter køyrer hovudfagsstudenten ein Ford Fiesta i retning Jotunheimen. Han er på veg til sin aller første skikkelege fjelltur. På Voss stoppar han for å kjøpa fjellsko. Sko som viser seg å vera for små. Så små at han får blå negler på tærne.

Men Helge Drange sin fjell-debut blir like fullt fantastisk. Saman med eit par vener frå friidrettsmiljøet går han først til Nigardsbreen, deretter





Baroniet i Rosendal ligg ved foten av Malmangernuten og andre høge, bratte fjell.

frå Sognefjellshytta til Leirvassbu via Storebjørn, for tredje dagen å gå til Visbretind og Kyrkja. Dei tre unge mennene er i så god form at dei nærast spring opp på dei høge fjelltoppane.

Fjellturen gir Helge Drange noko han seinare ikkje vil unnvera. Noko storslått og intenst vakert. Noko å ta vare på. Når han kjører ned igjen frå Sognefjellet er han så trist over å leggja fjellet bak seg, at tårene pressar på.

Rosendal, ein tidleg sommardag i 2013. Helge Drange viser veg opp ei bratt li frå Muradalen innanfor Baroniet, på veg til eitt av sine favorittfjell: Malmangernuten.

DRANGE ER EIN AV landets fremste og mest siterede klimaforskarar, og professor ved Universitetet i Bergen og Bjerknessenteret. På fritida likar han seg aller best i dei alpine fjella rundt Rosendal, med utsikt både innover mot isbreen, utover fjordane og mot havet i vest. Eit område som er lett tilgjengeleg både frå Bergen og Stavanger.

Malmangernuten kneisar 890 høgdemeter rett over Rosendal. Me går turen som ein rundtur med start på grusvegen innover Muradalen. Etter at me har klyve opp berga øvst i lia frå Muradalen, held turen fram utover ein rygg mot sjølve toppen.

Her er terrenget langt meir drøse-venleg og utsikta imponerande. Me ser over til mektige Melderskin der Drange har feira nyttår med stegjern,

til dei høgreste Bjørndalstindane og Juklavasskrona der han har klatra, og innover mot Bjørndalen der han har telta.

– Turen til Malmangernuten kan alle gjera, sjølv om han er litt bratt. Turen gir eit miniatyrbilde av både kyst og fjell, seier Drange.

– Dette fjellområdet har det store i seg. Det fine her, er at mange forskjellige naturtypar er samla i eit område som byr på både skog og høg fjell. Baroniet er dessutan svært spesielt og utypisk norsk. Eg kjenner ein bortimot nasjonalromantisk fascinasjon kvar gong eg kjem frå fjellet og breen, og går ned til Baroniet. Det aleine er verdt turen.

Kvart år **må** han ha seg ein tur til Folgefonna. Tidlegare var det ein årleg tradisjon å klatra i Buarbreen ved Odda eller Bondhusbreen i Mauranger. I dag nøyer han seg med ein fottur opp til Fonnabu ein til to gonger i året. Her opplever han dei vakraste soloppgangar og solnedgangar. Midt i fascinasjonen over det store, mektige, vakre, kjenner han frustrasjon.

ISKAPPA OG SNØEN har lege her dei siste 5000 åra, men spørsmålet er kor mykje lenger isbreen blir liggjande. Han tenkjer på dette heile tida når han er på tur. Folgefonna har endra seg mykje berre sidan han begynte å oppsøkjia henne på 1990-talet. Brearmane har trekt seg kraftig tilbake.



Spor av rovfugl på veg mot Malmangernuten.



Helge Drange finn stadig nye fotomotiv i naturen. Her ved varden på Malmangernuten.



På tur i fjellet kjenner Helge Drange at han lever. I naturen finn han stadig nye fotomotiv og tenkjer ut lesarinnlegg om klima. Her øvst i bakken opp frå Muradalen ved Rosendal.



Du ser rett ned i Rosendal når du går ned frå varden på Malmangernuten.

– Sjå der er ein snøspurv, seier Drange idet me nærmar oss varden på Malmangernuten. Naturinteressa hans vart vekt i barndommen, då faren tok han med på søndagstur i skogen. Fjellet var for langt unna. Frå han var 13 år ringmerka Drange fuglar for Stavanger museum.

– Var det nære forholdet til naturen i oppveksten avgjerande for yrkesvalet ditt?

– Absolutt ikkje. Etter å ha tatt hovudfag i matematikk i desember 1989, søkte eg jobb i Nord-Norge. Eg var tiltrekt av Lofoten og lyset der. Eg fekk ikkje jobben, men det var samtidig ledig eit doktorgradsstipend på Nansensenteret om han hadde sitt opptak av CO₂. Det var treff med problemstillinga, men samtidig heilt tilfeldig at eg kom inn i denne typen forskning, seier Helge Drange.

DENNE MORGONEN køyrde klimaforskaren til Rosendal i ein bil frå bildeleringen i Bergen. Medan han køyrde, tenkte han på at 20 prosent av CO₂-utsleppa frå bilturen hit vil bli verande 1000 år eller meir i atmosfæren. Han sykklar til dagleg heime i Bergen.

– Me forskarar kan ikkje seia at utsleppa **garantert** vil påverka klimaet i fleire hundre år, men me har svært gode argument for at dette er tilfelle. Akkurat det er vanskeleg å forholde seg til, seier Drange.

Klimaalfvoret gjekk opp for han mot slutten av 1990-talet. I vår del av verda gir klimaendringane større og alvorlegare flaumar, fleire ras, og stigande havnivå.

– Det er tankevekkande at me parallelt med klimaendringane fjernar oss stadig meir frå naturen og bur i byar med asfalterte flater. Det er forståeleg, men eit tap. Dette gjer oss endå meir sårbare for endringane eit varmare og villare klima fører med seg, seier Drange.

FRÅ TOPPEN ser me ned at ein livbåt stuper i fjorden under ein test hos Scat-Harding. Der me sit og ser utover fjorden, utover mot havgapet, er kvardagen langt vekke. Bak oss ligg endå høgare, snødekte topper. Langt der bak skimtar me ein bit av Folgefonna.

– Smeltinga av Folgefonna er av dei mindre viktige tinga for menneskeheita. Men kommande generasjonar blir likevel fattige om dei ikkje får oppleve denne typen natur. Her kjenner me at me er små, og det er ei god kjensle. Det gir også ei god kjensle å vita at me likevel er trygge, fordi me har mat, ekstra klede, kart og vindpose med i sekken, seier Helge Drange, og legg til:

– Den fantastisk kvite bogen mot himmelen er så perfekt forma, men dette er i endring. Innan 100 år kan isen ha smelta. Det gir meg grunn til omtanke.



MALMANGERNUTEN

PARKERING: Kjør forbi Baroniet til P-plass på Fossberg ved inngangen til Hattebergsdalen. Informasjonstavle ved P-plassen. Eller parker nede i bygda, t.d. på P-plass til Baroniet eller øvre P-plass ved Rosendal Fjordhotell.

OM TUREN: Først på 2 km grusveg utan merking, deretter T-merka og skilta på sti opp Murabotnen. På toppen av bratt bakke tar du til høgre i stidele med Skeisfjell. Herfrå langs ryggen mellom Guddalsdalen og Hattebergsdalen ut til Malmangernuten. Ned til bygda på sti på framsida av nuten, med utsikt til Rosendal og fjorden. Stien sluttar ved fjordhotellet.

PASSAR FOR: Turen er middels krevjande, med stigning frå 150 til 890 m.o.h.

LENGDE: 5-6 timar for rundturen. Gå evt. opp og ned til toppen same veg (frå Murabotnen eller opp ved Fjordhotellet, som er ein litt kortare tur).

FORSKAREN SINE FAVORITTAR

ULVANOSI: Fin vårskitur frå Tveitedalen ved Utåker eller sommartur til fots frå Uskedalen.

MALMANGERNUTEN (SJÅ SAK)

BJØRNDALSETER: Fint å telte her, ved foten av Bjørndalstindane og Juklavasskruna.

MELDESKIN: Ein flott, tung dagstur frå Rosendal til den karakteristiske toppen på 1425 m.o.h.

GYGRASTOLEN (1339 M.O.H.): Full dagstur opp frå Enes, nær Rosendal.

BONDHUSBREEN OG FONNABU (1450 M.O.H.): Fin og krevjande helgetur til kanten av breen. Føring over breen til Odda-sida om sommaren. Også bra tur om hausten, før den første snøen.